

# LORDEHYTTA

**Turtype:** Fottur

**Sesong:** Barmark


**Lengde:** 23 km tur/retur

**Høgdeskilnad:** 300 m

**Parkering:** FV 455 mot Ljosland, parkering 200 m etter avkjøring mot Røysland



På denne turen kjem du inn i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde som blei oppretta for å ta vare på eit særprega landskap og Europas sørligaste villreinstamme. For at andre skal kunne oppleve dette også i framtida, er det viktig å vise omsyn til både dyreliv og landskap. Respekter bandtvang, ta me deg søppel heim att og følg merka sti der det er mogleg. Om du skulle vere så heldig å sjå villrein er det viktig å ikkje gå nærare – dei vert lett skremde. Gjer deg så liten som mogleg, unngå å lage høge lydar eller å stå i silhuett. Dersom du må gå vidare – gå rundt dyra i skjul og unngå at vinden tek med seg lukt frå deg mot dyra.



HUSK KART!  
I MED ET GODT KART PÅ TUREN - DETTE ER KUN ET OVERSIKTSKART

## LORDEHYTTA

Flott, men krevjande tur til Lordehytta (privat eige) – jakthytta som skotske Lord Salvesen bygde 1910-1912. Det er bruer over vatn og bekkar, men du må gå ein del i myrlendt terreng for å kome til Lordehytta. Gode tursko er ein fordel!

Turen startar med grusveg og bratt stiging frå Røysland dei fyrste 1,5 km. Etter kvart er det småkupert, men med nokre bratte parti. Etter dei fyrste bakkane er unnagjort, kjem du til Seldal. Pass på å ta til høgre her ved tjønna for å kome inn på rett trasé mot hengebrua over Svartevatn. Om du vel å gå til venstre like etter hengebrua er det mogleg å følgje ein sti langs vatnet, men denne er noko meir krevjande. Folk flest går rett opp lia frå brua. Ver oppmerksom på at vasstanden i Svartevatn varierar mykje.

Traséen som vi foreslår kan brukast uavhengig om vatnet er lågt eller høgt. Frå toppen av dei siste bakkane får du flott utsikt over Lordehytta, Vivatn og vestover heilt til Knaperøysa. Knaperøysa er grensevarde mellom Åseral, Hægebostad og Kvinesdal.

Ta alltid med kompass og sikker kart på tur! Me anbefaler Turkart Åseral (FLiR) eller N50 serien (kartverket). Sistnemnde kan også hentast gratis på nett – sjå [norgeskart.no](http://norgeskart.no).